

Val av programfag skuleåret 2025/2026

Før jul (med frist 18.12) skal vi ha eit prøveval på skulen blant elevane for å sjå kva fag skulen bør tilby neste skuleår.

I januar i veke 2 (med frist 03.02.25) legg vi ut det ekte valet i VIS.

Eleven må då bestemme seg om hen vil gå **Realfagsretning** eller **Samfunnsfag, språk og økonomi (SSØ)**.

Ein må velje minst to gjennomgåande fag over to år frå den retninga ein vel, altså det same faget over to år.

Ein må gjere eit medvite val av programområde og programfag på trinn 2, fordi ein **må** fortsetja med same programområde og ha fordjuping i minst to av faga på trinn 3.

Uansett kva retning ein vel, kan ein velgje eitt uavhengig valfritt programfag kvart år.

Alle elevar **må** ha minimum tre programfag, men kan t.d. velje fire programfag på trinn 2 viss ein ønskjer og klarar det.

Programområde Realfag:

Matematikk R1 ➡ Matematikk R2 (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Fysikk 1 ➡ Fysikk 2 (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Kjemi 1 ➡ Kjemi 2 (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Biologi 1 ↔ Biologi 2 (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

(Sjølvs om Biologi 1 og Biologi 2 er bygde opp slik at dei kan veljast uavhengig av kvarandre, anbefaler skulen at ein vel Biologi 1 fyrst).

Programområde Språk, samfunnsfag og økonomi:

Sosiologi og sosialantropologi ↔ Sosialkunnskap (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Økonomistyring ↔ Økonomi og leing (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Psykologi 1 ↔ Psykologi 2 (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

(Sjølvs om desse tre faga er bygde opp slik at dei kan veljast uavhengig av kvarandre, anbefaler skulen at ein vel det faget som står «før pila» fyrst).

Engelsk 1 ➡ Engelsk 2 (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Dersom det er veldig få elevar som ønskjer eit fag, kan det vere at ein ikkje startar opp, eller at vi prøver å få til «hybridløysingar». Dvs. at ein må følgje delar av faget via nettskule.

Matematikk: Alle elevane på trinn 2 må ha matematikk, og må velgje seg eit fag:

- Enten *fellesfaget* **MAT1023 Matematikk 2P** som er det lettaste matematikkfaget (praktisk matematikk).
- Eller *programfag* i **matematikk REA3056 Matematikk R1** (5 t/v på trinn 2 og trinn 3), realfagsmatematikk, og den mest krevjande matematikken.

Det er sterkt anbefalt at elevar som vel R1 har karakteren 4 eller betre i Matematikk 1T (teoretisk) på trinn 1.

På trinn 2 skal elevane velgje to programfag i tillegg til matematikk.

På trinn 3 må elevane fortsetja med minst to av programfag for å få nødvendig fordjuping til krav om vitnemål. Matematikk R1 kan vere eit av fordjupingsfaga.

Vel ein Matematikk 2P (3 t/v) på trinn 2, må eleven fortsetja med dei to andre programfaga frå trinn 2 vidare på trinn 3 og dei må høyre til same programområde.

Tysk/spansk: Elevar som ikkje hadde framandspråk (tysk/spansk) på ungdomsskulen, må ha spansk alle tre åra på KVV. Det vil til dømes seie at dei ikkje kan velje breiddeidrett på trinn 3.

Valfritt/obligatoriske programfag:

Breiddeidrett 1 og 2 er eit valfritt programfag på trinn 2 og 3 (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Spansk 2 er eit obligatorisk programfag i trinn 3, for dei som ikkje har hatt spansk eller tysk på ungdomsskulen.

Blokker: På dette blokkskjemaet ser de korleis blokkene på KVV er lagt opp. Trinn 2 kan velje frå venstre side, medan trinn 3 kan velja frå både høgre og venstre side. Sjølv om nokre av programfaga er uavhengig av kvarandre, har vi skrive på kva trinn skulen anbefaler at ein vel faget.

Time:	Trinn 2. 2025/26				Trinn 3. 2025/26				SLIK GJER DU: Bruk Teams for prøveval. Sjølve valet av programfag skal du gjere i VIS, under menyen Fagval. Dette oppnar vi i veke 2, 2025 og stenger 03.02 I parentes står det året skulen anbefaler å velje faget.
	Vel eitt hovedområde og R1 eller 2P				Vel to fag innan same hovedområde du skal gå vidare med				
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>			
	REALFAG	SPRÅK, SAMF. OG ØKONOMI	VALFRIE PROGRAM FAG	REALFAG	SPRÅK, SAMF. OG ØKONOMI	VALFRIE PROGRAMFAG	FRAMAND-SPRÅK		
Sett	<input type="checkbox"/> Matematikk R1 *	<input type="checkbox"/> Engelsk 1		<input type="checkbox"/> Matematikk R2	<input type="checkbox"/> Engelsk 2				
Sett	<input type="checkbox"/> Fysikk 1	<input type="checkbox"/> Sosiologi og sosial-antropolog (trinn 2)	<input type="checkbox"/> Sosial-kunnskap (trinn 3)	<input type="checkbox"/> Kjemi 2					
Sett	<input type="checkbox"/> Kjemi 1	<input type="checkbox"/> Økonomi-styring (trinn 2)	<input type="checkbox"/> Psykologi 1 (trinn 2)	<input type="checkbox"/> Fysikk 2 (hybrid)		<input type="checkbox"/> Breddeidrett 2	<input type="checkbox"/> Spansk nivå2		
Sett	<input type="checkbox"/> Bio-logi 1 (trinn 2)	<input type="checkbox"/> Bio-logi 2 (trinn 3)	<input type="checkbox"/> Økonomi og leiing (trinn 3)	<input type="checkbox"/> Psykolog i 2 (trinn 3)					
Sett	Realistar må ha 4 programfag, 2 av dei gjennomgåande vg2-vg3		<input type="checkbox"/> Matematikk 2P	Klasse:	Namn:				

Realfagspoeng: Alle programfag innan realfag gir ekstrapoeng ved opptak til høgskule/universitet i Noreg.

Alle realfag gir 0.5 poeng, unntatt REA3024 Matematikk R2 og REA3006 Fysikk 2, som gir 1 poeng kvar.

Ein kan maks få 4 realfagspoeng totalt.

Det er foreslått endringar for heile systemet for opptak til universitet og høgskular, blant anna å fjerne dei ekstra poenga. Førebels er dette ikkje tredd i kraft.

Ved opptak til høgskular/universitet blir det vist til fagkodar som viser kva samansetjing av fag som krevst for å kome inn.

Viss du manglar fag, kan du ta desse som privatist seinare.

Viss du lurar på kva krav som gjeld for retninga du ønskjer, kan du spørje rådgjevar, nokon andre på skulen eller sjekke studioversikta på samordna opptak [Studieoversikten | Søkerportalen](#)